



Rune Kristoffersen
Holmeknappen 37
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18618 - 20/81350

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
21.12.2020

Ferdigattest einebustad - gbnr 310/42 Holme

Administrativt vedtak: Saknr: 1401/20
Tiltakshavar: Rune Kristoffersen
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad med garasje på gbnr 310/42.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.12.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.12.2020.

Skildring

Adresse:	Holmeknappen 37
Bygningstiltak:	Einestad med garasje
Bygningsnummer:	300722065
Bruksareal:	269,9m ²
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

Tal på røykløp:	1
-----------------	---

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18618

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Kristoffersen	Holmeknappen 5918 37	FREKHAUG
Villanger & Sønner AS	KNARVIK 5914	ISDALSTØ